

Høyringsuttale frå elevrådet på 6.-8. trinn (2025/2026) ved Surnadal barne- og ungdomsskule om forslaget til endra skulestruktur.

Her kjem våre meiningar om forslaget til endra skulestruktur i Surnadal kommune. Vi har hatt klasseråd i alle klassane, og det var stort engasjement hos elevane. Vi har snakka om kva vi meiner er «elevens beste» og kva det vil bety for oss og dei om grendaskulane blir lagt ned og elevane flytta til SUBUS.

Vi har også snakka om:

- Kva som er bra med skulekvardagen vår i dag
 - Gode venner, fint klasse miljø, kantine, bibliotek, har skulen nær oss
- Kva det betyr for oss at skulen ligg der vi bur
 - Bra vi kan gå eller sykle til skulen, kan bruke leikeområdet og banen etter skulen og på fritida, vi slepp å sitte lenge på bussen
- Kva som skal til for at vi skal ha det trygt og godt på skulen
 - Gode venner, godt klasse miljø, gode lærarar, få hjelp når vi treng det
- Kva som hjelper oss til å lære best.
 - God arbeidsro, flinke lærarar, mange nok vaksne, nok plass, at vi kan halde på med forskjellige ting ute og inne

Dette meiner elevrådet om å legge ned andre skular og flytte elevane til SUBUS.

Ikkje nok plass, dårlegare forhold på skulen:

- Alt for lite plass og for få rom på skulen, allereie trøngt og vanskeleg å få tid og plass i spesialrom (sløyd, tekstilrom, gymsalar, naturfagrom, garderobar osv.).
- For få og små klasserom. Manglar allerede grupperom som er veldig viktig å ha for mange elevar. Derfor blir det enda vanskelegare å gjere forskjellig praktiske ting, jobbe med prosjekt, ha gruppearbeid, øverom, samtalerom osv.
- Stort behov for grupperom til dei som treng ekstra hjelp, øve på å lese og rekne.
- Blir fort dårlegare arbeidsro og vanskeleg å lære skikkeleg når det er trøngt og det er store elevgrupper. Berre plass til ha vanleg tavleundervisning i klasserommet.
- For mange elevar, for få vaksne.
- Blir for mange ute på uteområdet, alt for få leikeapparat berre i dag, blir lang kø ved leikeapparatene. Blir meir krangling.
- Er ikkje plass til fleire i kantina, allereie trøngt og mykje støy, spesielt i storkantina.
- Ikkje plass til fleire i garderobane. Allereie trøngt. Blir lett konflikt når det blir trøngt og lite plass. Mykje kø på toaletta.
- Blir enda meir trafikk ved skuleområdet, fleire farlege situasjonar før og etter skuletid. Allerede kaotisk før og etter skulestart.

- Ikkje råd til å bygge på skulen.
- Usosialt for 10.trinn å måtte flytte til eige bygg. Gul-bygget er for dårleg for elevar og undervisning.

Det blir dårlegare for elevane som må flytte hit:

- For elevane som må flytte blir det alt for lenge å reise med buss. Elevane som bur lengst unna må sitte på buss i to timar kvar dag + ventetid på skulen før bussane går heim på langdagar.
- Dei mistar veldig mykje fritid, rekk ikkje vere med på fritidsaktivitetar. Blir mykje køyring att og fram. Ungane opplever utanforskap.
- Elevane blir veldig slitne av lang reiseveg.
- Elevane sitt på buss utan vaksne som passar på dei. Kan bli mobbing og utrygt. Kan vere ekkelt og vanskeleg for mange, spesielt dei minste. Nokre blir bilsjuke.
- Dei på grendaskulane kjenner kvarandre godt. Lærarane får meir tid til å hjelpe elevane og bli betre kjend med dei.
- Elevar frå mindre skular kan føle det utrygt å kome til ein så stor skule.
- Må ha fleire bussar. Blir dyrt.
- Dumt for dei lærarane som ikkje får behalde jobben sin.

-
- + Kan få fleire nye venner
 - + Dyrt å ha mange skular, kommunen må spare pengar overalt.

Forslag til måtar kommunen (oppvekst) kan spare pengar på

- Kan kutte ut kantineordninga. Elevane et matpakke på klasseromma.
- Kan kutte ut MOT. Nesten berre ungdomsskulen som har MOT.
- Kan slå saman barnehagane på Øye. Dei er så nærme kvarandre.
- Om det er ein skule som må flytte, bør det i så fall bli Mo. Dei ligg nærmast Surnadal og har ikkje så mange elevar. Dei har lettare reiseveg.
- Innsamlingsaksjon. Få sponsorar til å hjelpe kommunen.